

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 07.06.2022

Vår ref.: 202208495-6 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Jakob Fjellanger

Midlertidig senking av Fossvatn – NVE sitt vedtak

Vi viser til søknad frå Småkraftkonsult AS datert 30.04.2022, som på vegne av Berland Kraft AS søker om å senke Fossvatn inntil 1 meter under lågaste regulerte vasstand (LRV) i perioden 27.05-5.9.2022. Formålet er å etablere ny dam i utløpet av Fossvatn, i samband med bygging av Fossvatn minikraftverk.

Fossvatn ligger i eit lite sidevassdrag til Ørsdalsvatn i Bjerkreimsvassdraget. Fossvatn er ein liten innsjø på 190 daa, og har frå tidlegare blitt regulera med ein meter. Frå Fossvatn renn vatnet bratt ned til Mjåvatn og derifrå vidare til Ørsdalsvatn. Ifølge laksekart.fylkesmannen.no er Ørsdalsvatn del av anadrom strekning, men det er ikkje anadrom strekning opp til Mjåvatn. Fossvatn har ein gamal og enkel dam i utlaupet.

I vedtak av 18.12.2013 oppretthaldt OED vedtaket til NVE av 20.10.2011 om konsesjon til Fossvatn minikraftverk. Etter konsesjonen kan Fossvatn regulerast 1 meter, med HRV på kote 215,5 og LRV på kote 214,5 (NN 1954). Ved NVE sitt brev av 13.02.2017 er det klargjort at det er gitt utsatt byggefrist fram til 18.12.2023.

NVE sendte saka om midlertidig løyve på høyring til Bjerkreim kommune, vassområdekoordinator i Dalane vassområde, Statsforvaltaren i Rogaland og Rogaland fylkeskommune.

Ved høringsfristens utløp hadde det kommet inn to høringsuttalelser. Statsforvaltaren i Rogaland uttaler i epost av 25.5.2022:

«For å unngå stranding av fisk, ber vi om at det blir stilt vilkår om gradvis nedtapping.

Vi viser elles til vår uttale til høyring av detaljplan (vedlagt), og legg til grunn at det i denne omgang berre skal gjennomførast arbeid innanfor skissert arealbruksplan for kraftverket. Oppstart av anleggsarbeid knytt til trasé for kobling til straumnett må av omsyn til hekkande raudlistearter vente til etter 31.07.

Vi har elles ingen merknadar til tiltaket.»

Bjerkreim kommune uttaler i epost av 25.5.2022:



«Bjerkreim kommune har ingen vesentlige merknader til den omsøkte midlertidige senkingen av vannstanden i Fossvatn sommeren 2022. Vi legger til grunn at bl.a. Rogaland fylkeskommune og Statsforvalteren i Rogaland sammen med NVE sørger for at senkingen av vannstanden en periode er faglig forsvarlig.»

NVE kan gi løyve til å fråvike manøvreringspraksis etter vassressurslova § 8 når formålet er naudsynte bygge-, reparasjons- eller vedlikehaldsarbeid. Tiltaket faller etter vårt syn inn under dette formålet.

NVE er einig med Statsforvaltaren i at tappinga av Fossvatn bør skje gradvis, slik at fisk ikkje strandar. Utover dette har ingen av høyringspartane påpekt viktige biologiske verdiar eller andre forhold som skulle tale imot å gi løyve som omsøkt.

NVE meiner samla sett at det bør gis løyve til omsøkte tiltak. NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsipp i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når vedtak treffast, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i påpeike at tiltaket er midlertidig og er naudsynt i samband med bygging av Fossvatn minikraftverk. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for arter eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

NVE viser til fråsegna frå kommunen og Statsforvaltaren, og meiner det er viktig at vasstanden i Fossvatn ikkje senkast raskare enn at både voksen fisk og ungfisk unngår stranding. Dette må undersøkast og om mogleg dokumenterast ved inspeksjon og foto under tappinga. Dokumentasjonen skal leggst ved rapport om tappinga etter tiltaket si avslutning, som sendast NVE med kopi til Bjerkreim kommune, Statsforvaltaren i Rogaland og vassområdekoordinatoren for Dalane vassområde.

Ved å ta slike omsyn kan ikkje NVE sjå at tappinga av Fossvatn til ein meter under LRV er til vesentleg skade for nokon kjente allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gir løyve til at Berdal Kraft AS kan tappe ned Fossvatn inntil 1 meter frå dato for dette løyvet til 05.09.2022.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gitt på følgjande vilkår:

- Det skal føres protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under det normale.
- Vasstanden i Fossvatn må ikkje senkast raskare enn at fisk kan unngå stranding. Dette må undersøkast og om mogleg dokumenterast ved inspeksjon og foto. Dokumentasjonen skal leggst ved rapport om fråviket frå den normale manøvreringa, som sendast NVE med kopi til Bjerkreim kommune, Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland fylkeskommune og vassområdekoordinatoren for Dalane vassområde.



- Perioden med vasstand under normal vasstand må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeidet er avslutta.
- Tappinga skal kunngjerast ein gang lokalt i god tid før tappinga startar.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kommen fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Klageretten er avgrensa til parter (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonssøker) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakeleg organisasjonar som representerer rørte interesser).

Ein klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendes til NVE. Vi føretrekk elektronisk oversending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing

Godkjent av Rune Flatby
Spesialrådgiver

Carsten Stig Jensen
Seksjonssjef

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Berland Kraft A/S - Torleif Gåsland
SMÅKRAFTKONSULT AS

Kopimottakarliste:

Dalane Vassområde
ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Bjerkreim kommune